



Leif Hosøy Sleire
Oterdalen 48 A
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar: Ref.:Q8ISDN-
Skjemamn.:5367
Vår: 21/2140 - 21/27732

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
23.04.2021

Melding om utført endring av bygningstype i Matrikkelen - gbnr 188/733 Gjervik ytre

Me viser til dykkar krav om endring av bygningsopplysningar dat. 28.02.21.

Før me utfører rettingar i matrikkelen, undersøker me kva me kan finna om bygg i byggesaksarkivet. Då denne byggesaka inneheld ulike byggeteikningar som både viste utleigebustad og ikkje utleigebustad, vart saka sendt over til byggesakavdelinga for vurdering. Dersom det var godkjent einebustad m/ utleige - kode 112, hadde det vore eit søknadspliktig tiltak å slå desse bruksiningane saman.

I dag mottok me vurderinga frå byggesak som seier at det var omsøkt med utleigehusvære, men at ein i vedtaket bad om at det vart sendt inn nye teikningar i tråd med tal bueiningar som feltet var godkjent for. Det vart då sendt inn nye teikningar med disponibelt areal i underetasjen. Byggesaka framstod difor litt uklar, noko som er årsaka til at det har vorte registrert slik det har vore.

Ut i frå denne klargjeringa frå byggesak har kommunen i dag endra bygningstypen frå 112-einebustad med utleige, til 111-einebustad. Utleigeeininga i underetasjen er sletta, og adressa Oterdalen 48B er sletta. Arealet som var registrert på utleigeeininga er lagt til hovudhusværet.

Bygningsendringa fører også til adresseendring av dette huset, då det ikkje skal brukast bokstav ved berre ei adresse til eit husnummer. Adresseendringa vert varsla i eige brev.

Reklamasjon – vann og avløpsavgift dat 03.03.21

Avdelinga for kommunale avgifter har i dag fått melding om rettinga i matrikkelen, og har retta gebyret til å gjelda 1 bueining frå og med 01.05.21. Dei har også sendt kopi av rettinga til NGIR. Kommunen ser denne tilbakemeldinga som svar også på dykkar reklamasjon. De vil

få refundert for mykje innbetalt avgift for VA. Dette tek avdelinga for kommunale gebyr seg av.

Vedlagt ligg matrikkelrapport som viser kva som var registrert om bygget i matrikkelen før rettinga og kva som er registrert om bygget etter utført retting.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

188-733-einebustad før retting
188-733-einebustad etter retting

Mottakarar:

Leif Hosøy Sleire

Oterdalen 48 A

5914

ISDALSTØ